

Ikkje berre fisk for Rune Hjørnevåg: Har sold 10.000 liter modell-drivstoff til heile landet.

02.12.2006



Rune med eit historisk minne og nye produkt. Han viser også Toyotaen som det heile byrja med (Foto. Ola Matti Mathisen).

Namnet Hjørnevåg får ein straks til å tenkja på fisk, men det gjeld ikkje alle: Rune (36), medeigar og arbeidar i det kjende fiskematfirmaet i Uskedalen, har i år sold meir enn 10.000 liter modell-drivstoff! Han har funne ei spanande nisje i marknaden. Kanskje har han skote gullfuglen.

- Det vil no visa seg. Først går ikkje RH Racing AS med overskot, for etableringskostnadene har vore store, seier Rune. Han er ein jordnær kar som ikkje tek av sjølv om fleire av produkta hans gjer det.

Som ei rekkje andre er han fødd inn i Hjørneveg-firmaet og har arbeidd der sidan han var 10 år gamal. Han er ein av fire medeigarar og jobbar både produksjonsarbeidar og sjåfør. Rune sin første arbeidsplass var i huset i Uskedalsvegen 658 der Hjørneveg heldt til fram til 1983, då nyanlegget på Børnes vart reist. No er Rune attende i 'gamlehuset', men då med sitt eige, framgangsrike firma.

Han har alltid vori hekta på radiostyrte bilar og motorar. For 25 år sidan fekk han ein radiostyrt Toyota som gåve. Den er svært velbrukt og ikkje køyrbar lenger.

- Eg hugsar eg pressa inn teiknestiftar andre vegen i hjula for at den skulle kunne nyttast på glatt føre, ler Rune, som tok opp att si gamle interesse for modellfarty for fem år sidan.

Då kjøpta han ein racerbåt med bensinmotor. Ei av dei første erfaringane han gjorde var kor problematisk det var å få tak i delar i Kvinnherad til radiostyrte bilar, båtar og fly. Han hadde kontakt med andre entusiaster som delte denne erfaringa.

Då registrerte han firmaet og tok kontakt med importør Johan Fonn Lie i Tønsberg. Han selde ikkje berre radiostyrte farty og delar til dei, men også drivstoff som han hadde utvikla sjølv.

Rune kjøpte drivstoff og delar av han til eige bruk. Etter kvart vart kontakten mellom Uskedalen og Tønsberg tettare og ein dag sa Johan at han ville trappa ned litt.

Han spurde Rune om han ville overta produksjon og sal av drivstoffet. Rune svara ja og det har han ikkje angra på. Overtakinga av konseptet skjedde så seint som i mai i år. Johan lagar ikkje drivstoff lenger.

Rune blandar og sender drivstoff til heile landet – frå Finnmark til Kristiansand. Det skjer med Nor-Cargo, for dette er eksplosjonsfårlege saker.

- Men det er ikkje fårleg handtert med fornuft, presiserar Rune.

- No køyrer alle dei beste i Noreg som driv med båt, fly, bil og helikopter på dette drivstoffet. Det er det beste du kan få, seier ein oppglødd Rune og ramsar opp resultatane frå båt-VM på Fagernes som eit døme. Der vart det fire gull, tre sylv og ein bronsemedalje for den nærmast magiske blandinga frå Tønsberg.

- Ja, kva er det som er så fantastisk med dette drivstoffet?

- Ingrediensane er metanol, nitrometan og olje og oljen er hemmelegheita. Johan har funne fram til ein oljetype som er heilt suveren. Den er spesielt tynn og har spesielle smørjemiddel som gjer at den fungerer særleg godt i små motorar.

- Og du har ingen konkurrentar i landet?

- Eg har ein konkurrent, men han har ei heilt anna blanding og sel ikkje så godt, seier Rune, som først har raude tal i boka.

- Eg har gjort store investeringar i produksjonsutstyr. Det kostar også å kjøpa råstoff og halda lager. Men neste år håpar og trur eg på overskot.

Marknadsføringa skjer gjennom telefon, fax og mail og Rune er dessutan flink til å annonsera i dei blad som modellentusiastane les. Han nyttar med andre ord alle tilgjengelege kanalar. Rune innrømmer at han har ei hard arbeidsøkt bak seg i samband med etableringa. Han har heile tida vore i full jobb på Hjørneveg og har ingen planar om å slutta med fiskematproduksjonen.

- Det kan skje ei tilpassing. Om våren og sommaren er det roligere med fisken. Då er det stor etterspurnad på modell-sektoren, fortel Rune.

Han sel også modellar og delar og syner oss ein monster-truck, eit modellfly og eit helikopter som døme.

- Det er slett ikkje profitten som driv meg. Eg gjer dette fordi det er gøy og fordi eg kjem i kontakt med mange som har den samme interessen som meg. Jamvel rundt om i Kvinnherad veks det no fram sin kundeskare og det er starta modellflyklubb i Omvikdalen. No er talet på modellflyklubar i Noreg oppe i 60 og det seier noko om det potensiale som ligg på dette feltet, seier ein entusiastisk Rune Hjørneveg.

Av Ola Matti Mathisen